



Midsund kommune
Servicekontoret

Helse Møre og Romsdal HF
Postboks 1600
6026 Ålesund

Helse Møre og Romsdal HF
Postboks 1600
6026 Ålesund
13 OKT 2016

Melding om vedtak

Vår ref:
2016/461/3/

Deres ref:

Saksbehandlar:
Astrid Abelseth

Dato
11.10.2016

Høyringsvar frå Midsund kommune - Konseptrapport Sykehuset Nordmøre og Romsdal

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

Midsund kommunestyre sluttar seg til vedlagt høyringsuttale, med dei endringane som er gjort i møtet.

Med helsing


Astrid Abelseth
Rådgjevar

Vedlegg: Høyringsvar frå Midsund kommune

Postadresse
Midsund
6475 Midsund
E-post: postmottak@midsund.kommune.no

Besøksadresse
Utsidevegen 131
www.midsund.kommune.no

Telefon
71 27 05 00
Telefaks
71 27 05 01

Bank
4202.42.79922
Org.nr
964 981 159



Midsund kommune
Rådmannen

Helse Møre og Romsdal HF

Vår ref:
2016/461-2/

Deres ref:

Saksbehandlar:
Ketil Ugelvik

Arkivkode: Dato
28.09.2016

Høyringsvar frå Midsund kommune - Konseptrapport Sykehuset Nordmøre og Romsdal

Midsund kommune meiner at konseptrapporten for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR), med alle tilleggsutgreingar, held høg kvalitet, og rapporten er levert innan avtala tidsfrist. Dei nødvendige vedtak i styra i Helse Møre og Romsdal HF og Helse Midt Norge RHF kan gjerast innan utgangen av 2016, og søknad om startbevilgning i Statbudsjettet 2018 er i rute

Rapporten frå Ernst&Young viser at prosjektet har bæreevne og at prosjektet er gjennomførbart innanfor tildelte rammer. Midsund kommune oppfattar vurderinga som grundig, og føresetnadene i vurderinga er etterprøvbare. Med det er ein viktig milepæle passert.

Vi har merka oss at animasjonane og skissene frå sjukehuset på Hjelset er gode og illustrative. Pasientlogistikk er godt ivareteken og løysingane er godt forankra hos dei tilsette.

Midsund kommune stiller spørsmål rundt oppdeling av dagkirurgisk aktivitet. Dette med grunngeving ut frå manglande vurdering for om dette går utover robustheita til akuttsjukehuset på Hjelset, fleksibiliteten i det totale pasienttilbod og framtidig rekrutteringsevne. Vi stiller i tillegg spørsmål med om vurderingane av driftsøkonomiske konsekvensar og vurdering av tilgjengelegheit i forhold til pasientgrunlaget i Nordmøre og Romsdal.

Midsund kommune ber administrasjon og styret i HMR gjere sitt for å sikre framdrift fram mot startbevilgning i Statsbudsjette 2018.

Midsund kommune meiner at spesialhelsetenestetilbodet for pasientane i Nordmøre og Romsdal best vert sikra ved eit robust akuttsjukehus på Hjelset og desentralisert poliklinikk og

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Midsund	Utsidevegen 131	71 27 05 00	4202.42.79922
6475 Midsund		Telefaks	Org.nr
E-post: postmottak@midsund.kommune.no	www.midsund.kommune.no	71 27 05 01	964 981 159

dagbehandling i Kristiansund. Faglege og økonomiske vurderingar må ligge til grunn for kva som vil gi best pasienttilbod for innbyggerane i Nordmøre og Romsdal

Med helsing

Ketil Ugelvik
Rådmann



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/461-1

Arkiv:

Saksbeh: Ketil Ugelvik

Dato: 26.09.2016

Saksframlegg

Høyringsvar frå Midsund kommune - Konseptrapport Sykehuset Nordmøre og Romsdal

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/73	Kommunestyret	06.10.2016

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre sluttar seg til vedlagt høyringsuttale.

Behandling i Kommunestyret - 06.10.2016

Det kom forslag om å endre første setning i fjerde avsnitt i høyringsvaret:
«Midsund kommune stiller spørsmål rundt oppdeling av dagkirurgisk aktivitet.»

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 06.10.2016

Midsund kommunestyre sluttar seg til vedlagt høyringsuttale, med dei endringane som er gjort i møtet.

Saksutgreiing:

Helse Møre og Romsdal HF sende i slutten av august 2016 ut konseptrapporten for prosjektet Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) ut på høyring.

Mandatet for konseptfasen er å sikre eit grunnlag for å kunne gå vidare med forprosjekt i 2017. Kommunane har blitt inviterte til få vere med på presentasjonar av rapporten.

Kommunestyret i Midsund fekk i møte den 6.9.2016 ein kort presentasjon. Konseptrapporten med vedlegg kan lastast ned frå www.helse-mr.no/snr og rapporten ligg ved denne saka som uprenta vedlegg.

Høyringsbrevet følgjer saka som uprenta vedlegg.

Høyringsfristen er sett til 14.oktober.

Vurdering:

Romsdal Regionråd (ROR) sender inn felles uttale frå alle medlemskommunane. Dette er ei så stor og viktig sak for regionen at Midsund kommune i tillegg sender eige høyringssvar. Høyringsuttalen følgjer saka som vedlegg.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: